



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Konsulent byggesak - 100% fast stilling

Stillingsinformasjon

Ved tenestemrådet Plan, utbygging og kommunalteknikk er det ledig fast stilling som Konsulent byggesak frå 01.10.2017. Konsulenten vil inngå i eit team med tre andre saksbehandlarar på byggesak, som handterer alle søknader om tiltak medrekna delingssøknader, og tilhøyrande saksområde.

Arbeidsplass

Tenestemrådet omfattar om lag 44 tilsette, der 19 medarbeidarar har oppgåver knytt til saksbehandling, utbygging og forvaltning innan kommunen sine tekniske tenester: utbygging og forvaltning av kommunale bygningar og kommunaltekniske anlegg, offentlege og private planar, byggesaker, kart og GIS-tenester, oppmåling, miljø, landbruk og kommunal eigedom. Avdelinga praktiserer eit omfattande tverrfagleg samarbeid, og er aktiv i interkommunale faglege nettverk. Det er gjort vedtak om kommunesmanslåing med Radøy og Lindås frå 2020, noko som vil forsterke eit allereie robust fagmiljø i regionen.

Meland kommune er i sterk utvikling. Eit aktivt næringsliv og gode kommunikasjonar til Bergen med snøggbåt, ekspressbuss og E39, gjer kommunen svært populær som bustadkommune.

Arbeidsoppgåver

Oppgåvene omfattar m.a. saksbehandling og oppfølging av byggesaker, handtering av ulike tidsfristar, oversending av saker på høyring eller klagevurdering, gebyrfastsetting, koordinering av sakene mot andre etatar så som renovasjon og feiing, formidling av eigedomsopplysningar, handtering av sanitærmeldingar, rettleiing, ivaretaking av møtesekretærfunksjonen v/politisk utvalsmøte, oppfølging av elektroniske saksbehandlingssystem mm.

Kvalifikasjonskrav

Vi søker deg som har relevant utdanning innan administrasjon-, økonomi- eller ingeniørfag, minimum på bachelornivå. Anna utdanning i kombinasjon med relevant erfaring kan vurderast.

Vi vil legge vekt på at den som får stillinga

- Har relevant erfaring innan saksfeltet
- Har solid kjennskap til regelverket som gjeld for byggesaksbehandling og relaterte felt
- Har positiv tilnærming til oppgåvene
- Tek ansvar og kan arbeide sjølvstendig
- Likar å samarbeide
- Arbeider effektivt
- Likar publikumskontakt
- Legg vekt på god service
- Har god munnleg og skriftleg framstillingsevne
- Er lojal

Vi tilbyr

Interessante oppgåver
Fleksibel arbeidstid
Godt og tverrfagleg arbeidsmiljø
Løn etter avtale
God pensjonsordning

Søknad vert å sende

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 14.09.2017

Utlyst dato 29.08.2017

Vårref

703/17

Kontaktperson

Anny Bastesen, Sektorsjef teknisk, mobil: 40038893, anny.bastesen@meland.kommune.no
Tore Johan Erstad, Fagansvarleg byggesak, mobil: 40286556, tore.johan.erstad@meland.kommune.no